

Til
Noregs Vassdrags- og Energidirektorat – NVE
Pb 5091, Majorstua
0301 Oslo
nve@nve.no

Vår ref:

Deres ref:

Kinn, den: 26.08.2026

Krav om revisjon av konsesjonsvilkår i Bøfjordvassdraget i Hyllestad kommune

Hyllestad Jakt- og Fiskelag, Norges Jeger- og Fiskerforbund (NJFF) Sogn og Fjordane og NJFF har som eitt av sine føremål å arbeide for å sikre ålmenta si tilgang til naturen, berekraftig hausting, god naturforvaltning og vern av miljøet.

Med heimel i Vassdragsreguleringslova og på vegne av ålmenne interesser i Vestland, stiller vi herved krav til revisjon avgjeldande konsesjonar for 080.4Z Bøfjordvassdraget i Hyllestad kommune.

Grunngjeving for kravet:

Vassdraget er høgt prioritert av NVE og Miljødirektoratet og har fått kategori 1.1 når det gjeld minstevassføring. Vi viser her til NVE sin Rapport nr. 49/2013, <https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/m49/m49.pdf> der NVE og Miljødirektoratet i sin samla vurdering set elva i kategori 1.1 for minstevassføring, som eit av berre sju vassdrag i Sogn og Fjordane. Frå rapporten: «Vassdrag i kategori 1.1 er vurdert å ha stort potensial for forbedring av viktige miljøverdiar, og der aktuelle tiltak antas å gje lite eller moderat krafttap sett i forhold til forventa miljøgevinst.»

Bøfjordvassdraget hadde tidlegare bestand av villaks, ein bestand i dag som vert ansett som tapt. Vassføringa er sterkt redusert og tidvis er det tørrlagde strekningar. For sjøauren er bestanden ansett for å vere redusert, og for begge bestandar er vassdragsregulering bestemmande for tilstanden. Det er per i dag noko fritidsfiske i elva, området er lokalt viktig for friluftsliv. Tørrlagde strekningar påverkar både fiske og verdioppleving av landskapsbilete.

Om minstevassføring står det i rapporten frå NVE og Miljødirektoratet: «Anslått krafttap ved Q95 minstevannføring: KT2 (< 5 GWh/år, 5-10 % av samlet produksjon)». Det er med andre ord snakk om beskjeden krafttap ved ei minstevassføring her for å nå miljømåla for vassdraget.

I ein rapport frå 2023 (*LFI-rapport nr: 493, Habitatkartlegging av Bøfjordelva i 2023*) skriv NORCE LFI: «Fosselva/Fossfossen som renner inn i Stigestrandsvatnet fra øst, utgjorde før regulering og fraføring hovedelva i vassdraget, men er nå negativt påvirket av regulering ettersom vannet i hovedsak går via kraftstasjonen (nedre Svultingen) og ut i Staurdalsvatnet. Det er i hovedsak Fosselva som er utsatt for tørrlegging og stranding». Det er særleg denne elva vi meiner det er viktig å få på plass ei minstevassføring, for å unngå tørrlegging av gytefisk, ungfisk og rogn, særleg av laks. Som det går fram av rapporten frå NVE og Miljødirektoratet må minstevassføringa sleppast frå reguleringsmagasinet Espelandsvatnet. Minstevassføring frå Espelandsvatnet vil og betre tilhøva for fisk og vassmiljø på strekningen frå utløpet av vatnet og nedstrøms til lakse- og sjøaureførande del av elva, i tillegg til sjølsagt tilhøva for laks og sjøaure i nedste del. Minstevassføring vil og betre tilhøva for anadrom fisk i nedre del, Bøelva, særleg i periodar då kraftverket Nerde Svultingen står.

Aktuelle tiltak:

- Tilstrekkeleg minstevassføring frå Espelandsvatnet heile året
- Det må i revisjonsprosessen gjennomførast undersøkingar for å avdekke kva drift / effektkøyring som gir den beste økologiske tilstanden for vassdraget
- Utlegging av gytegrus
- Vurdere magasinrestriksjonar i Norstrandvatn av omsyn til landskap og friluftsliv

Vi forventar at dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§8-12 leggst til grunn i revisjonsprosessen.

Med venleg helsing

Hyllestad jakt- og fiskelag NJFF Sogn og Fjordane

Norges Jeger- og Fiskerforbund

Jan Erik Søreide
Styreleiar

Reidun Solberg Seim
Regionsekretær

Alv Arne Lyse
Prosjektleder NJFF Villaks